

Helen Margareta Christina Thoren-Myntevik
Reikeråsvegen 69
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5774 - 23/61703

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
07.08.2023

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 24/3 Fammestad

Administrativt vedtak: Saknr: 814/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Helen Margareta Christina Thoren-Myntevik dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 10.08.2028 for gbnr 24/3 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld

Foretaket **Helen Margareta Christina Thoren-Myntevik** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr **24/3**. Søkjer eig 5 daa overflatedyrka mark , 33,3 daa fulldyrka mark og 49,3 daa innmarksbeite.

Dagens driftsomfang er **3** vaksne hestar. Søkjeren brukar 300 kg kunstgjødsel type 18-3-15 på dyrket mark og han har gjødslet 10 av 33 mål i første omgangen.

Søkjar har opplyst at dei ikkje har budd her så lenge. Dei har soleis ikkje fått benyttet hestegjødsel enda. Dei overtok gården for under et år sidan. I dag samler dei opp all hestegjødsel. Planen er å pløye ned gjødsel på dyrka mark som skal ordnas neste år. Så dei neste åra vil gjødsel bli brukt til dette. Dei har også nytta og kjem til å nytte ein del i hagen, kjøkkenhage og åker til eige bruk. I tillegg brukar dei en del som gjødsel på frukttrær og bærbusker.

Hestane til søkjar har ikkje gått på innmarksbeite i år, det går sauver der nå. Det er naboen til søkjar som lårer disse. Planen er at en del skal gå på det største beite neste år, men akkurat no er beite ubrukeleg for dei er forsømt over lang tid. Hestane har beita på dyrka mark i år og planen er å beitepusse dyrka mark, da blir dette spredd. Resten av åra går dei på ein del av anna areal, liten del av dyrka mark rundt fjøsa.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på dyrka mark					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
300	18-3-15		Fulldyrka og overflatedyrka mark	10 daa	1,8	0,3	1,5
21,6 m ³	Hestemøk	38,3 daa	Fulldyrka og overflatedyrka mark	0,5 t/daa	1,7	0,5	2,5
Sum					3,5	0,8	4

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå foretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for foretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreininger (GDE= 0), og har stort areal i høve til dyretalet.

Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunnleggjast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/5774 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helen Margareta Christina Thoren-
Myntevik

Reikeråsvegen 69

5913 EIKANGERVÅG